

Søre Sunnmøre vassområde arrangerer i samarbeid med Fylkesmannen og Fylkeskommunen eit seminar om dei miljøgiftene som ligg på sjøbotnen utanfor verft, industri og hamner. Korleis påverkar dei miljøtilstanden i vatnet, og kommer dei nokon gong til å forsvinne? Kven har ansvaret og kva kan gjerast? Fosnavåg hamn blir presentert som eit døme på eit område som kanskje blir rydda opp.

Stad: Runde miljøsenter

Tid: Onsdag 25. september, 1000-1530

For kven:

Kommunar i Søre Sunnmøre og elles i Møre og Romsdal som har miljøgifter i sjøområda sine

Bedrifter som eig eit miljøgiftproblem, verft

Sektorstyresmakter som arbeider med vassforskrifta

Andre interesserte

Påmelding:

[https://mrfylke.no/Kalender/\(event\)/698750](https://mrfylke.no/Kalender/(event)/698750)

Kontaktinformasjon: Kjersti Finholt, prosjektleiar Søre Sunnmøre vassområde.
Kjersti.finholt@orskog.kommune.no

Miljøgifter i fjordane – kva kan vi gjere?

1000 **Velkommen**, Nestleiar i styringsgruppa i Søre Sunnmøre vassområde
Jan Berset, ordførar i Ulstein

1010 **Leiar av vassregionutvalet har ordet**, Willy Loftheim, ass.
fylkesrådmann

1020 **Kva er miljøgifter?** Er dei farlege? Kor kjem dei frå? Kor finn vi miljøgifter i dag? Kva kan vi gjere for å fjerne miljøgiftene? *Anne Melbø, Fylkesmannen*

1040 **Miljøprosjektet i Fosnavåg hamn**. Kvifor ønskjer Herøy å ei miljøopprydding i Fosnavågen? Bakgrunn og planar for miljøprosjektet i Fosnavåg hamn. Korleis kombinere eit hamneutdjupingsprosjekt med eit miljøprosjekt. *Ordførar i Herøy (ikkje stadfesta), Berit Sandvik Skeide/Jarl Martin Møller, Herøy kommune. Terje Midsund, Kystverket.*

1120 **Miljøgiftopprydding i Stamsund hamn**. Suksesskriterier ved miljøgiftopprydding, sett frå ei kommune sitt perspektiv. *Nils Kaltenborn, Vestvågøy kommune (ikkje stadfesta)*

1205-1300 Lunsj

1300 **Nasjonalt arbeid med miljøgiftopprydding rundt verft**. Når vi målet om GOD MILJØTILSTAND? *Henriette Givskud, Miljødirektoratet*

1330 **Miljøgifter i Møre og Romsdal (Sunnmøre) og miljøtilstanden i kystvatnet**. Pågåande oppryddingstiltak, utfordringar framover. Når vi målet om god miljøtilstand? *Linda Aaram/Anne Melbø, Fylkesmannen*

1400 Pause

1410 **Kva gjer verftsindustrien?** Arbeid med "gamle synder". Arbeid med miljø i dag. Kva tiltak meiner verftsindustrien er aktuelle for å løyse miljøgiftutfordringane? *Maritim foreining for Søre Sunnmøre. Eit verft (ikkje stadfesta kva for eit)*

1440 **Når vi målet om god miljøtilstand i kystvatnet vårt?** Fylkesmannen, Miljødirektoratet og Mafoss gir ei kort vurdering kvar.

1455 **Diskusjon og spørsmål**. *Jan Berset, nestleiar i vassområdet er ordstyrar.*

1530 **Slutt**